

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

Tid: Fredag 17. juni 2005, kl 1000 – kl 1430

Stad: Sola Strand Hotell, Sola

Styremøtet var ope for publikum og presse

Saker:

Sak	61/05 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak	62/05 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 27.05.05
Sak	63/05 O	Administrerende direktør si orientering
Sak	64/05 B	Økonomirapport pr. 30. april 2005
Sak	65/05 B	Årsoppgjer 2004 – Rekneskap og Årsmelding
Sak	66/05 B	Etablering av Helse Vest IKT AS - opningsbalansen
Sak	67/05 B	Høyring – søknad om godkjenning av privat sjukehus på Gardermoen
Sak	54/05 B	Mål og strategi for samhandling mellom 1. og 2. linjeteneste i Helse Vest
Sak	58/05 B	Nasjonal IKT-strategi – oppdatert status
Sak	59/05 B	Kommersialisering av arbeidstakaroppfinningar
Sak	68/05 B	Tertialrapportering – Bestillardokument
Sak	69/05 B	Eventuelt

Skriv og meldingar:

- Brev frå HOD dagsett 31. mai: Søknad om lån til investeringer 2005
- Brev frå HOD dagsett 3. juni: Innkalling til føretaksmøte i Helse Vest RHF den 10. juni 2005 og informasjon vedrørande avlegging av årsrekneskapen for 2004
- Brev frå HOD dagsett 16. juni: Innkalling til føretaksmøte i Helse Vest RHF 23. juni 2005
- Brev frå HOD dagsett 10. juni: Vedr. vurdering av styremedlemmer i helseforetak

Deltakarar frå styret:

Mai Vik, styreleiar
Arne Norheim
Jon Lekven
Anni Felde
Per Hanasand (frå kl. 13.00)

Aslaug Husa
Inger F. Hamborg
Helge Espelid

Forfall frå styret: Gerd Kjellaug Berge
Per Hanasand (frå kl. 10.00 – kl. 13.00)

Frå administrasjonen: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Viseadministrerende direktør Helge E. Bryne
Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal
Fagdirektør Odd Søreide
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Seniorrådgivar Terje Arne Krokvik
Rådgivar Torunn Nilsen (ref)

Administrerende direktør i Helse Vest IKT, Erik Hansen var til stades og presenterte sak 58/05
Revisor Kjell Ove Røsok var til stades under sak 65/05 og presenterte oppsummering revisjon 2004

Fagdirektør Odd Søreide vart presentert og ønska velkommen til Helse Vest RHF.

Sak 61/05 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

**Sak 62/05 B Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF
27.05.2005**

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøtet 27. mai 2005.

Sak 63/05 O Administrerende direktør si orientering

1. Fokusområda 2005:

Nasjonale ventelistedata per 30.04. 2005 vart gjennomgått. Helse Vest er framleis den regionen med størst nedgang i talet på ventande og gjennomsnittleg ventetid. Helse Stavanger har redusert talet på langtidsventande (ventetid over eit år) frå 497 til 42.

2. **Rusvern**
Administrasjonen orienterte om at det vil bli oppfølgjande møter i høve til Bergensklinikkene og Haugaland A-senter før sommaren.
3. **Skisse til føretaksplan og langtidsplan**
Administrasjonen viste til utsendt prosjektdirektiv. Styret ønskje å ta inn dei 4 hovudoppgåvene som overordna mål for prosjektet.
4. **NIBR-rapporten – ”Statleg eierskap og føretaksorganisering i spesialisthelsetjenesten 2002 – 2005”**
Administrasjonen viste til utsendt samandrag frå rapporten.
5. **Revidert nasjonalbudsjett**
Administrasjonen orienterte om revidert nasjonalbudsjett. I høve til skeivfordeling er vi tilbake på utgangspunktet det vi starta. Styret presiserte at ein framleis må forvente at helseføretaka leverer som budsjettert i 2005. Vi er nær å nå dei krava som er sett i budsjettet. Det vert viktig å fortsette kursen, og ha fokus på dei områda der vi ikkje er på plass – rus, psykiatri og rehabilitering.
6. **Orientering om relevante lovar og myndigheitskrav**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
7. **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
8. **Prolongering av avtale om revisjonstjenester med Ernst & Young**
Notat om prolongering av revisjonsavtale med Ernst & Young vart lagt fram i møte. Styret ønska at Helse Vest RHF m/dotterselskap nyttar opsjonen om ytterlegare eit års forlenging av gjeldande revisjonsavtale. Avtalen vil då gjelde fram til 01.07.2007. Avtalen må seiast opp seinast 30.06.2006, for å sette i verk anbodskonkurranse. Styret ba administrasjonen effektivere dette.
9. **Prolongering av bankavtale med Sparebanken 1 SR-Bank**
Nestleiar Arne Norheim var inhabil i saka.
Notat om prolongering av bankavtale med Sparebanken 1 SR-Bank vart lagt fram i møte. Styret ønska at Helse Vest RHF nyttar opsjonen om ytterlegare eit års forlenging av gjeldande bankavtale. Avtalen vil då gjelde fram til 31.03.2007.
Styret ba administrasjonen effektivere dette.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 50/05 B Økonomirapport pr. 30. april 2005

Kommentar:

I saka vart rekneskapen per 30.04. lagd fram.

Helse Bergen HF har 6,4 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Helse Stavanger HF har 29,1 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Helse Førde HF har 24,3 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Helse Fonna HF har 16 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Apoteka Vest HF har 0,3 millionar kr. i positivt avvik i høve til budsjett.

Korrigert for meiravskrivingar gjev årsprognosen for føretaksgruppa eit negativt avvik på 21,1 millionar kroner.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok økonomirapport pr. 30. april til etterretning.
2. Orientering i møtet når det gjeld tal for mai, vart tatt til orientering.

Sak 65/05 B Årsoppgjer 2004 – Rekneskap og Årsmelding

Kommentar:

Årsrekneskap med årsmelding for Helse Vest RHF - morselskap - og føretaksgruppe vart lagt fram.

Følgjande helseføretak og selskap inngår i konsernrekneskapen:

Helse Vest RHF

Helse Bergen HF

Helse Stavanger HF

Helse Fonna HF

Helse Førde HF

Apoteka Vest HF

Vestlandsmat AS

Rekneskapen for føretaksgruppa er avlagt med eit samla underskot på kr 884 678 065. Underskotet i morselskapet er på kr 933 308 010. Det dårlege resultatet i morselskapet skuldast nedskriving av verdien av innskoten eigenkapital i dotterføretaka. Nedskrivinga utgjorde kr 949 039 555 i 2004. Nedskrivinga er eliminert i rekneskapen for føretaksgruppa av di underskota og er tatt med i dotterføretaka.

Helse- og omsorgsdepartementet vil måla resultat etter avskrivingar utover kva dei hadde lagt til grunn ved budsjetthandsaminga. Korrigert resultat blir etter dette:

Resultat i høve til årsrekneskapen - underskot	kr 884 678 069
Ført mot strukturfond	” 139 027 357
Meiravskrivingar som har skuld i kortare økonomiske levetid	” 214 966 255
Korrigert årsresultat – underskot	<u>kr 530 684 457</u>

Revisjonsmelding er gitt utan atterhald eller presiseringar.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret legg vedlagte årsrekneskap med kontantstraumsanalyse, og noter fram for føretaksmøtet til godkjenning .
2. Styret vedtok styrets årsmelding utan endringar.
3. Styret er svært tilfreds med den økonomiske styring og betra kvalitet på internkontroll som rekneskapen syner.

Sak 66/05 B Etablering av Helse Vest IKT AS - opningsbalansen

Kommentar:

Helse Vest IKT AS blei stifta i stiftelsesmøte 07.12.04. Helse Vest RHF har skote inn kr 500 000 i aksjekapital og eig 100% av selskapet.

I tillegg til aksjekapitalen skal det skytast inn eit tingsinnskot som er lik verdien av IKT-avdelingane i helseføretaka i regionen. Ifølge aksjelovas § 10-12 kan tingsinnskotet vidareførast til balanseførte verdier.

Berekning av verdier på tingsinnskotet skriv seg frå føretaka slik:

Føretak	Eigedelar	Netto pensjonsforplikting	Sum
Helse Stavanger HF	54 153 983	- 3 100 139	51 053 844
Helse Fonna HF	17 403 240	- 1 081 553	16 321 687
Helse Bergen HF	73 464 660	- 6 513 901	66 950 759
Helse Førde HF	9 975 929	-389 520	9 586 409
Helse Vest RHF	6 906 108		6 906 108
Sum	161 903 920	-11 085 113	150 818 807

Netto pensjonsforplikting er medrekna arbeidsgjevaravgift.

Innskoten kapital i dotterføretaka blir nedskriven med beløpet og verdien av Helse Vest RHF sitt innskot i dotterføretaka blir redusert like mykje.

Beløpa blir skote inn i Helse Vest IKT som eit tingsinnskot. Innskotet er å sjå som bunden kapital i Helse Vest IKT AS.

Vedtak (samrøystes):

Helse Vest RHF skyt kr. 150 818 807 inn som tingsinnskot i Helse Vest IKT AS

Sak 67/05 B Høyring – søknad om godkjenning av privat sjukehus på Gardermoen

Kommentar:

Omnia asa har i brev av 20.11.03 og 07.03.05 søkt Helse- og omsorgsdepartementet om godkjenning for privat sjukehusverksemd på Gardermoen.

Som ledd i handsaminga ber departementet om ei fråsegn frå Helse Vest RHF vedrørande korleis eit privat sjukehus på Gardermoen vil påverke spesialisthelsetenesta i regionen.

Omnia ønskjer å gje eit tilbod til pasientar frå heile landet. Førespurnad er derfor sendt til alle regionane.

Helse Vest RHF har henta inn fråsegner frå helseføretaka.

Helse Vest RHF har i dag avtaler om kjøp av tenester innan generell kirurgi, urologi, ortopedi, øye og øre-nese-hals frå private aktørar. Desse tenestene blir i dag primært kjøpte frå private aktørar i regionen. Dette for å skaffe eit tilbod så nær pasienten som mogeleg, samstundes som ein sparar reisekostnader.

Omnia søkjer om godkjenning innan ein del av dei fagområda som Helse Vest pr i dag kjøper tenester hos private.

Helse Vest RHF har ikkje behov for at det blir oppretta eit privat sjukehus på Gardermoen. Kapasiteten innan øre-nese-hals og generell kirurgi er god, og det er allereie gjort avtaler om kjøp av tenester innan ortopedi for å auke kapasiteten i regionen, samt sett i verk tiltak i eigne helseføretak.

Kapasitetsproblem innan psykisk helsevern må løysast lokalt jf. opptrappingsplanen for psykisk helsevern.

Vedtak (samrøystes):

- 1 Det er god kapasitet innan øre-nese-hals og generell kirurgi i Helse Vest
- 2 Manglande kapasitet innan ortopedi må først og fremst søkjast løyst lokalt gjennom eigne helseføretak eller kjøp hos private aktørar i regionen.
- 3 Utfordringane innan psykisk helsevern må løysast lokalt jf. opptrappingsplanen for psykisk helsevern.
- 4 Helse Vest RHF vil på denne bakgrunn ikkje tilrå at det blir gitt godkjenning for nytt privat sjukehus på Gardermoen.

Sak 54/05 B

Mål og strategi for samhandling mellom 1. og 2. linje teneste i Helse Vest

Kommentar:

Av bestillardokumentet for 2005 til Helse Vest RHF går det mellom anna fram at Helse Vest skal utarbeide ein strategi for samhandling og desentralisering basert på tilrådingane i rapporten som vart lagt fram av Nasjonal gruppe for samhandling i oktober 2004.

Wisløff-utvalet har lagt fram si innstilling NOU 2005:3 "Fra stykkevis til helt – en sammenhengende helsetjeneste".

Det er og utarbeidd ein rapport av Sintef Helse på oppdrag frå KS; Utviklingstrekk i kommunehelsetjenesten og spesialisthelsetjenesten – oppgaveutvikling og samspill.

I alle disse dokumenta vert det peika på sentrale utfordringar og tiltak for å betre samhandlinga i helsetenesta.

Dokumenta er lagt til grunn for utforming av forslag til overordna mål og strategiar for Helse Vest.

Overordna mål og strategiar for Helse Vest er meint som et rammeverk for helseføretaka som i neste omgang har ansvar for å utforma og setja i verk dei konkrete tiltaka i kvart helseføretaksområde, tilpassa dei lokale tilhøva.

Ulike kartleggingar har vist at utfordringar med å sikre eit heilskapleg tenestetilbod i særleg grad gjeld pasientar med kroniske sjukdomar og pasientar med behov for meir avanserte helsetenester som krev spesialkompetanse. Helse Vest ser dette som eit viktig fokusområde, og vil arbeide for at tiltak for betre samhandling mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta vert gitt høg prioritet i helseføretaka.

Innafor ramma av overordna mål og strategiar har helseføretaka ansvar for å utforma og setje i verk konkrete tiltak tilpassa dei lokale tilhøva. Helseføretaka må bygge vidare på dei tiltak som allereie er sett i verk, vidareutvikla dei og utfylla dei i tråd med dei føringane som er gitt regionalt og nasjonalt.

Helseføretaka må i samband med samhandling og desentralisering utvikle planar og strategiar for lokalsjukehusa og lokalsjukehusfunksjonen i tråd med nasjonale føringar.

Samhandling må og innarbeidast og bli vektlagt i avtalane med private spesialistar og andre private aktørar.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret legg forslag til overordna mål og strategiar til grunn for utvikling av tiltak for samhandling og desentralisering i føretaksgruppa og i høve til dei private utøvarane.
2. Helseføretaka skal med utgangspunkt i overordna mål og strategiar vidareutvikle eigne lokale samhandlingstiltak tilpassa dei lokale tilhøva.
3. Helseføretaka skal utvikla heilskapelege planar og strategiar for lokalsjukehusa og lokalsjukehusfunksjonen i tråd med nasjonale føringar. Helse Vest vil komme tilbake med nærare retningslinjer og plan for dette arbeidet etter behandlinga av revidert budsjett 2005.
4. Helseføretaka skal rapportere kva tiltak som er planlagt og sett i verk i årleg melding.
5. Helseføretaka må sikre gode prosessar mellom 1. og 2. linjetenesta, der og dei tilsette sine representantar i spesialisthelsetenesta og brukarutvalet blir tatt med i det vidare arbeidet.

Sak 58/05 B Nasjonal IKT-strategi – oppdatert status

Kommentar:

Styra i dei 5 RHFa godkjende våren 2004 "Overordnet IKT-strategi for de regionale helseforetakene"(sak 031/04). Strategiplanen har eit tidsperspektiv for perioden fram til 2007. Det er lagt til grunn at strategiplanen og tiltaksliste må reviderast årleg.

Ved dokumentasjon av revisjonen av strategiplanen er det lagt vekt på endringar og justeringar. Det reviderte plandokumentet gir derfor ikkje eit heilskapleg bilete av heile planen. Å utarbeide ein slik samla presentasjon av strategiarbeidet vil vere ei viktig oppgåve for programkontoret, hausten 2005.

Vedtak (samrøystes):

1. Statusrapport frå arbeidet med "Overordnet IKT-strategi for de regionale helseforetakene" vart tatt til orientering.
2. Styret ba om at det vert lagt fram ein samla presentasjon av strategiarbeidet hausten 2005.

Sak 59/05 B Kommersialisering av arbeidstakaroppfinningar

Kommentar:

Problemstillingar knytt til innovasjon og kommersialisering har fått meir merksemd etter at forskning er blitt ein del av den lovpålagte oppgåva i helseføretaka.

Det er eit stort behov for samordning av regelverk og retningslinjer som gjeld handtering av kommersialisering på nasjonal basis. Det er spesielt viktig å få einsarta regelverk mellom universitetssektor og helsesektor, både fordi ein ofte konkurrerer om den same arbeidskrafta, og fordi ein rekke arbeidstakarar har doble tilsettingsforhold. Utkast til nytt regelverk er utarbeidd etter ein brei prosess i Nasjonal gruppe for forskning som strategisk satsingsområde i spesialisthelsetenesta. Reglane er vurderte juridisk. Dokumentet har vore til vurdering i Helse- og omsorgsdepartementet, RHF-direktørmøtet og samarbeidsorgan for universiteta og høgskulane i regionen.

Likelydande sak vert lagd fram i alle RHF-styra.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret vedtok reglar for kommersiell utnytting av forskingsresultat
2. Styret legg til grunn at reglane blir vedtatt og implementert i helseføretaka.

Sak 68/05 B Tertianrapportering - Bestillardokument

Kommentar:

I følge bestillardokumentet for 2005 frå Helse- og omsorgsdepartementet skal Helse Vest RHF rapportere tertialvis på ei rekkje punkt. I styresak 29/05 blei det lagt fram ein oversikt som viste kva for område Helse Vest skal rapportere på i 2005. Oversikten viste månadleg, tertialvis og årleg rapportering.

Tertianrapportering på bestillardokumentet for 1. tertial 2005, i samsvar med styresak 29/05 er lagt ved saka.

Det må i samarbeid med departementet arbeidast for ei meir einskapeleg rapportering framover.

Styret ønska ei tydeleggjering av auka aktivitetsvekst innan rus/psykiatri i høve til somatikk til neste tertialrapportering.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret oversender vedlagte tertialrapportering på bestillardokumentet for 1. tertial 2005 til Helse- og omsorgsdepartementet.
2. Resultatavvik på myndigheitskrav og mål sett for nasjonale kvalitetsindikatorar (til dømes epikrisetid, diagnostisering innan barne- og ungdomspsykiatri, strykingar på operasjonsprogrammet) vert tatt opp med dei aktuelle HF-styra.
3. Styret ventar at styra i HFa har høgt fokus på dette og følgjer opp i den vidare rapportering.

Sak 69/05 B Eventuelt

Ingen saker vart drøfta under eventuelt.

Ref. Torunn Nilsen
Stavanger, 17. juni 2005

Mai Vik
Styreleiar

Arne Norheim
Nestleiar

Anni Felde

Per Hanasand

Jon Lekven

Gerd Kjellaug Berge

Inger F. Hamborg

Helge Espelid

Aslaug Husa